



Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgate 16  
5722 DALEKVAM

Dato: 19.02.2015  
Vår ref.: 2015/711-3  
Saksbehandlar: josaksd  
Dykkar ref.:

## Oversending av fråsegn til offentleg høyring av kulturminneplan for Vaksdal kommune

Hordaland fylkeskommune viser til framlegg til kulturminneplan for Vaksdal på høyring, motteke her 19.01.2015. Saka er handsama i Kultur- og ressursutvalet 12.02.2015.

Kultur- og ressursutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

### Vedtak

1. *Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Vaksdal kommune har sendt ut Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2014-2018 på høyring.*
2. *Hordaland fylkeskommune rår til at Vaksdal kommune har særleg merksemd på dei viktige kulturminna i Vaksdal som er knytte til landbruket, fjord og vassdrag, samferdsla og industrien.*
3. *Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.*
4. *Hordaland fylkeskommune meiner at handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Vaksdal kommune.*
5. *Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.*
6. *Hordaland fylkeskommune viser til ordninga med bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea og oppmodar Vaksdal kommune om å ta del i ordninga.*
7. *Hordaland fylkeskommune tek atterhald om følgjande tiltak i handlingsplanen som føreset fylkeskommunal medverknad, men som ikkje er i samsvar med gjeldande regionale kulturpolitikk:*
  - a. *Delmål 3, tiltak 29 (Lager/magasin for private kulturminne som folk ikkje har plass til sjølve).*
  - b. *Delmål 5, tiltak 35 (Samarbeid om regional kulturminne- og museumsplan).*

Saksprotokoll frå Kultur- og ressursutvalet 12.02.2015 er lagt ved.

Med helsing,

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Jostein Aksdal  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*